



Austrheim kommune
Stian Marøy

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/242 - 23/10139

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
17.11.2023

Ferdigattest til Nordlibrekka fortau på gbnr 149/7 - Årås

Administrativt vedtak. Saknr: 144/23


Vi syner til søknad motteke 16.11.2023

Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, vert det gjeve ferdigattest for heile tiltaket.

Saksutgreiing:

Det er kome inn søkand om ferdigattest for fortauet i Nordlibrekka. Dei kontrollansvarlege for utføringa har ordna med sluttkontroll og avsluttande gjennomgang av kontrolldokumentasjonen for det ferdige arbeidet. Gjennom dette har dei kontrollansvarlege stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at byggearbeidet er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.



Fortau Austrheimvegen er vist over

Austrheim kommune er glad for at tiltaket no er ferdig og synes gjennomføringa av arbeidet er vorte veldig bra. Dette er eit prosjekt innbyggjarane våre er glad for at er kome på plass.

Gjennomføringsplan er datert den 16.11.2023. NVDB-FKBda ta er sendt til oppmålingsavdeling v/ Alf Kvant. Lykke til med bruken av fortauet.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vedlegg:

Kopi til:

Alf Kvant

Mottakere:

Austrheim kommune